

Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova for Bygland kommune.

**Vedteke i plan-, miljø- og ressursutvalet 30.05.2023, PS 43/2023
i PMR**



Innhald:

Felles retningsliner for alle løyve side 3-4

Transport med snøskuter

Transport som ikkje treng omsøkast side 5

Leigekøyring som næring side 6

Transport i samband med nedsett rørsle (funksjonshemming) side 7

Transport av bagasje og utstyr til hytte side 8

Transport i samband med utmarksnæring side 9

Transport av vedtømmer side 10

Transport i samband med gruppeturar for eldre og rørslehemma side 11

Transport for utkøyring og tilsyn med jervebåsar side 12

Dispensasjon til transport på snø – særskilte behov side 13

Transport med køyretøy (ATV, traktor, gravemaskin m.m.)

Dispensasjon til transport på barmark side 13

Transport på barmark som ikkje treng søkast om side 14

Transport med motorfartøy (båt og luftfartøy)

Transport som ikkje treng søkast om side 15

Dispensasjon til å bruke motorfatøy (båt, helikopter, vassfly m.m.) side 16

Vedlegg side 17

FELLES RETNINGSLINER FOR ALLE LØYVE

Motorferdselslova med forskrifter set dei overordna rammene for motorferdsel i utmark (motorferdselslova gjelder ikkje for innmark). Desse retningslinene definerer og klargjer kommunens rutinar og vilkår knytt til handsaming av søknadar om ulike køyreløyve.

Relevante lovverk:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova), LOV-1977-06-1082
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82?q=motorferdsel>
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-356
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1988-05-15-356?q=motorkjøretøy>

Saker knytt til landskapsvernområdet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og naturreservat i kommunen, må fyrst handsamast av vernestyret eller statsforvaltaren jf. naturmangfoldlova og verneforskrifta for fredningsområdet, før kommunen kan handsame søknaden etter motorferdselslova /-forskrifta.

Plan-, miljø- og ressursutvalet har fullmakt frå kommunestyret til å ta avgjer i motorferdselssaker i utmark jf. delegeringsreglement jf. k –sak nr. 32/21 den 6.5.2021

Kommunedirektøren har det faglege administrative ansvaret for motorferdsel i utmark jf. delegeringsreglement.

Korleis søke, og handsaming av søknadane.

- Bruker elektronisk søknadsskjema som ligg på kommunen si heimesida.
- Vedlagt søknaden følgjer godt lesbart kart der det er teikna inn køyretrase. Søknadar som ikkje har gode kart blir returnert.
- Eventuelle alternativ trase skal merkast på kartet som følgjer søknaden og behovet for alternativ trase må grunngjevast i søknaden.
- Kommunen forventar mange søknadar og handsamingstida kan difor gå ut over vanleg handsamingstid på fire veker.
- Søknadane handsamast fortlaupande etter kvart som dei kjem inn, med unntak av søknad om leigekøyning. der kommunedirektøren fastsett ein søknadsfrist som leggst ut på heimesida til kommunen.
- Saker som skal opp politisk vil normalt kunne ta frå 1-2 månadar å handsame avhengig av møtekalender til politisk utval. Vedlegg bak syner kva saker som skal opp politisk.
- Det blir arbeidd med moglege løysingar for e – handsaming av kurante motorferdselssaker. Når slik løysing eventuelt er på plass, vil sakshandsaminga kunne skje på automatisk. Eigne rutinar vil bli utarbeidd.

Fellesreglar for alle typar løyve

- Løyvet og andre dokument som følger løyvet skal alltid vera med under køyring og visast fram ved kontrollar. Unntaket er løyve til gruppeturar der eitt løyve kan bli delt ut til fleire snøskuterar. Løyvet må like fullt vera med på turen, og dei som køyrer må vise ei tilknytning til gruppa.
- All motorisert ferdsel skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, fugle- og dyreliv.
- Løyvet er berre gyldig for køyring med registrerte køyretøy med korrekte kjennemerke.
- Løyvehavar er sjølv ansvarlege for å skaffe samtykke frå grunneigarar, jf. motorferdselslova § 10.
- Løyvehavar/førar må ha gyldig førarkort for køyretøyet.
- Køyreløyvet gjeld for ein snøskuter om ikkje anna går fram av løyvet.
- Alle løyva til snøskuterkøyring gjeld så lenge snøen er berande inntil 30. april.
- Politiet og SNO har tilgang til kopi av løyvedokument.
- Løyva er personlege, og alle som ønskjer løyve må søkje enkeltvis. Det blir ikkje gitt løyve til fleire personar med utgangspunkt i ein søknad.

Søknad om løyve innanfor Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Søknadar som går over eller inn i landskapsvernområde Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane må vurderast opp mot verneforskrifta og deretter etter motorferdselslova. Innkomne søknadar vil då fyrst bli vurdert av SVR og deretter av Byglånd kommune

Sjå eige retningsliner for SVR

http://www.nasjonalparkstyre.no/Images/SVR_bilde/Diverse/Motorferdselbrosjyre.pdf?epslanguage=no

Søknad om løyve inn i naturreservat i kommunen.

Søknadar om motorferdsel som går over eller inn i naturreservat vil måtte bli handsama av Statsforvaltaren jf. verneforskrift for det verna arealet og deretter handsama etter motorferdselslova av kommune

LØYVE TIL BRUK AV SNØSKUTER

Transportar som ikkje treng søke om løyve

Heimel: Motorferdsellova § 4 og Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag §§ 2 og 3

Det er tillate å køyre snøskuter og anna køyretøy på vinterføre i samband med:

- Politi- ambulanse-, rednings-, oppsyn- og tilsynsteneste med heimel i lova.
- Offentlege post- og teletenester.
- Person- og godstransport til og frå faste bustader og i samband med jordbruk-, skogbruk- og reindriftsnæring (ikkje bærplukking, jakt og fiske).
- Forsvarets transportar.
- Anlegg og drift av offentlege vegar og større anlegg.
- Rutetransport (i samsvar med yrkestransportlova).
- Transport av jaktutbytte av elg og hjort.
- Fiskekultivering i offentleg regi.
- Naudsynt drift av turistanlegg (ovemattings- og serveringsstader m.m.) som ikkje ligg langs brøyta bilveg.
- Transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggjeløyve.
- Opparbeiding og preparering av skiløyper/skibakkar for ålmenta, når det blir gjort av ein frivillig organisasjon eller kommune. Kommunen tilrår at løypekøyringa skal vera i samsvar med framtidig sti- og løypeplanen.
- Naudsynt transport i samband med vitenskaplege undersøkingar på oppdrag frå ein forskingsinstitusjon (dyretelling, registreringar m.m.)
- Transport av ved frå eigen eigedom til eigen bustad (til eige bruk)
- Køyretrening på område som er fastsett av fylkesmannen.
- Tiltak for å redusere påkøyringsrisiko av hjortevilt langs veg når den er organisert gjennom kommunen.
- Søk etter skadd storvilt utanfor ordinær jakt i regi av kommunen.

Leigekøyning som næring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5a)

Kommunen kan etter søknad gje løyve til innbyggjarar i Bygland kommune som vil ta på seg transportoppdrag med snøskuter som ei næringsinntekt. Det gis inntil 13 leigekøyringsløyver (ervervsløyver) i kommunen, inkludert 3 løyver med utgangspunkt Borteli, Ljosland eller Sirdal. Tidlegare ervervsløyvehavarar og transportørar som er viljug til å dekke større geografisk område vil normalt bli prioritert. Søknadsfrist er 1. november 2023. Søknadane blir handsama politisk.

Transportøren kan ta på seg oppdrag knytt til:

- Transport mellom bil og hytte.
- Tilsyn med hytter på oppdrag frå eigaren.
- Transport av massemedia.
- Transport av funksjonshemma.
- Transport av ved.
- Andre transportar som har fått dispensasjonar.
- Transport for beitelag (saltstein, gjerdemateriell, gjetarhytter m.m.)

Vilkår for løyvet:

- Løyvet blir berre gitt til næringsdrivande med organisasjonsnummer. Det kan vera eit eige føretak for transport, eller næringar der snøskutertransport naturleg kan vera ei tilleggsnæring, til dømes gardsbruk eller turistnæringar.
- Løyvet må følgje transporten, og sjåføren må kunne vise ei tilknytning til verksemda ved kontroll. Ved behov kan det nyttast inntil to snøskuterar når desse er knytt til verksemda.
- Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjeveren, kontaktinformasjon (telefonnummer) til oppdragsgjevar og målpunkt/avreisestad for transporten.
- Løyvet medfører ei plikt til å ta dei transportoppdaga som det er etterspurnad etter.
- Søkar skal oppgje kva del av kommunen han/ho vil vera tilgjengeleg for oppdrag. Kommunen delast inn i to hovudområder:
 - Langeids- Hegglandsmark inkludert Landskapsvernområdet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR)
 - Heile kommunen minus Langeids- Hegglandsmark inkludert SVR
- Løyvehavaren skal rapportere til kommunen årleg innan 1. juni om utførte oppdrag.
- Det gis ikkje nytt løyve til søkjarar som ikkje har levert inn loggbøker frå tidlegare år.
- Vedtaket om løyvet gjeld for 4 år.
- Er det ledige løyver kan det søkast etter oppgeve frist.

Søknaden må innehalde:

- Organisasjonsnummer.
- Namn og telefonnummer som kommunen og andre kan bruke til å informere om transporttilbodet.
- Kva område søkar vil vere tilgjengeleg i og kart over området.
- Grunngeving for at ein søker.

Transport i samband med nedsett rørsle (funksjonshemming)

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5b)

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkøyring til rørslehemma, dersom behovet er reelt og rørslehemminga er varig. Reelt behov kan vere transport inn til si eiga hytte. Snøskutertur er ikkje eit reelt behov. Løyvet kan vere tidsavgrensa til dømes til ei helg dersom det er føremålstenleg. Søknaden blir handsama administrativt.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal skrivast ut til personen som er funksjonshemma, men ein annan person kan vere førar av snøskuteren.
- Den funksjonshemma må vera med på transporten.
- Løyvet må vise kvar traseen gjeng.

Søknaden må innehalde:

- Søkaren må i søknaden vise kva målet med køyringa er.
- Søkaren må leggje fram legeerklæring, som er under eitt år gamal, og som stadfester at funksjonshemminga er av varig karakter.
- Søknaden må ha eit kart som viser kvar snøskutertraseen skal gå.

Transport av bagasje og utstyr til hytte

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5c)

Kommunen kan etter søknad gje løyve til transport av bagasje, brensel og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte som ligg minst 100 m frå brøyta bilveg i luftline. Søknaden blir handsama administrativt.

Vilkår for løyve:

- Det kan gis løyve fram t.o.m. 30.04.2027.
- Løve kan gis til eigar og eigar sin næraste familie. Med omgrepet næraste familie meiner ein eigar si: ektefelle/sambuar, barn, barnebarn, svigerdotter/-son, foreldre og besteforeldre.
- Der det er fleire eigerar til same hytta, gis det løyve til eigerar med minst 30 % eigardel i hytta eller maksimalt 3 eigerar.
- Løyve utgår før periode slutt, når eigedomen skiftar eigar, som medfører at løyvehavar ikkje lengre har familierelasjonar til ny eigar, som tilseier at løyvehavar får løyve lengre.
- Løyve er personleg og kommunen kan trekke løyve tilbake.
- Det er berre i dei tilfelle der ein ikkje får med seg all bagasje og utstyr på ein snøskuter med slede at det kan vere meir enn ein snøskuter inn til hytta. Løyve omhandlar altså ikkje rein persontransport.
- Leigetakar/bruksrettshavar av hytte med skrifteleg avtale på minst to år kan få løyve om ikkje eigar eller hans næraste familie har løyve. Leigeavtalen leggst med søknaden.
- Det gis berre løyve til ein leigetakar/bruksrettshavar for kvar hytte. Omgrepet leigetakar/bruksrettshavar omfattar leigaren/bruksrettshavar og eventuelt ektefelle/sambuar og born med felles bustadadresse.
- Traseen løyvet gjeld for skal visast på eit godt lesbart kart. Transporten skal gå langs fellestrasear så langt som mogleg, og derifrå mest fornuftige trasé til målpunktet.
- Alternative trasear skal merkast på godt lesbart kart og må grunngjevast i søknaden. Alternativ trase kan berre nyttast ved vanskelege føreforhold som t.d. ved usikre vatn.
- Traseen skal leggst slik at ein minimaliserar transporten i utmark og tek omsyn til dyrelivet.
- Om eigar ikkje er å finne som eigar i matrikkelen må eigarforholdet dokumenterast med skriftleg vedlegg
- Det gis berre løyve inn til hytter/buer som er eigna for overnatting vinterstid og som er registrert i matrikkelen. I praksis vil det seie buer som har oppvarmingsmoglegheit

Søknaden må innehalde:

- Søknaden må innehalde start- og endepunkt, kven som eig hytta og kor mange turar ein forventar å bruke i omsøkt periode.
- Søknaden må ha eit godt lesbart kart som viser kvar ein søker om å køyre. Søknadar som ikkje inneheld gode lesbare kart blir returnert ubehandla.

Transport i samband med utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, § 5d) og §5a.

§ 5 d) Gjeld transport med snøskuter for fastbuande som driv utmarksnæring utanom tradisjonelt landbruk, t.d. jakt, fiske og hytteutleige. Søknaden blir handsama administrativt.

§ 5a omhandlar og transport i samband med utmarksnæring, men i eit vidare omgrep. Det er ikkje krav om fast busetnad og reine reiselivsbedrifter kan søke. Løyvet kan gjelde for all type ferdsel (også barmark). Søknaden blir handsama administrativt. Transportløyve for næringar som ikkje er utmarksnæring må søke om dispensasjon etter § 6.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet blir gitt til verksemda som utmarksnæringa er knytt til.
- Løyvet kan i første omgang bli gitt for 2 år. Dersom verksemda har ei momspliktig omsetting når køyreløyvet skal fornyast, kan løyvet vare i 4 år om gongen.
- Søkjar må leggje ved eiga skriv som fortel om den aktuelle næringa og behovet for snøskuterløyve.
- Fastbuande som driv med utmarksnæring treng ikkje vise til ei momspliktig omsetting. Løyvet skal i så fall heimlast i §5, bokstav d.
- Løyvet kan bli gitt for 4 år om gongen, så lenge næringa er i drift.
- Løyvet må vise køyretasé.
- Det kan bli gitt løyve til barmarkskøyning. Det må gange fram av løyvet kva trasear det kan køyrast i, og med kva køyretøy. Barmarkstrasear skal gå langs traktorveggar, klasse 7 eller 8.

Søknaden må innehalde:

- Ei kort skildring av verksemda og behovet for køyreløyve, tillegg til organisasjonsnummeret.
- Dokumentasjon på at verksemda har eit momspliktig overskot ved fornying av løyvet.
- Kart over kva trasear det blir søkt over må leggjast ved. Dersom det er barmark må søkaren vise til godkjent traktorveg.

Transport av vedtømmer

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc.) § 5, bokstav e

Kommunen kan gje løyve til å transportere vedtømmer med snøskuter. Transport av vedtømmer mellom eigen skog og bustad er heimla direkte i forskrifta (§ 3, bokstav g), og treng ikkje løyve. Transport av tømmer (også vedtømmer) som ein del av skogbruksnæring på garden er heimla direkte i lova (§ 4, bokstav c). For annan transport av vedtømmer skal det søkast om løyve. Søknaden blir handsama administrativt.

Vilkår for løyvet.

- Løyvet er personleg.
- Løyvet skal vise hovudtraseen og kva område det skal hoggast ved i. Køyringa skal gå langs fellestrasear så mykje som mogleg, og derifrå mest fornuftige trasé til målpunktet.
- Avtale mellom grunneigar og søkar, om hogst og velteplassområde, må liggje ved søknaden.
- Hogstområde skal i utgangspunktet liggje under verneskoggrensa. Grunneigar kan få løyve til transport av ved over verneskoggrensa til hytte/seterbu. Skal andre få løyve over verneskoggrensa må grunneigar fyrst søke om tillating til uttak av vedtømmer jf. skogbrukslova og retningsliner fastsatt av Statsforvaltaren.
- Transport av vedtømmer til privat hytte skal ikkje overstige 1 km i luftline i frå godkjent trase inn til hytte eller ut frå hytta.

Søknaden må innehalde:

- Kart over kor hovudtraseen skal gå og kva område det skal hoggast ved i.
- Avtale med grunneigar om hogst- og velteplassområde om ein ikkje er grunneigar sjølv.

Transport i samband med gruppeturar

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav f

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkøyring for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller personar med nedsett rørsle. Søknaden blir handsama administrativt.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet må avklare dato og hovudtrasé for gruppeturen.
- Løyvet skal skrivast ut til den organisasjonen som arrangerer gruppeturen. Den ansvarlege for turen skal ha løyvet med på transporten.

Søknaden må innehalde:

- Søknaden må innehalde ei skildring av føremålet med turen, dato, start- og endepunkt og kor mange snøskuterar som det blir søkt om løyve til.
- Søknaden må ha eit kart som viser kvar ein søker om å køyre.
- Vise kva for ein organisasjon som arrangerer turen.

Transport for utkøyring og tilsyn med jervbåsar

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc.) § 5b.

Kommunen kan gje løyve til utkøyring og tilsyn av jervbåsar. Løyvet blir handsama administrativ.

Vilkår for løyvet:

- Jervbåsansane må vera tillat av statsforvaltaren.
- Løyvet må vise kva trase som skal brukast, dato/periode og tal på turar.
- Løyvehavar må føre logg, som dokumenterer at transporten er i samsvar med løyvet og som skal kunne visast fram ved kontroll.

Søknaden må innehalde:

- Søknaden må innehalde start- og endepunkt, og t blir søkt om løyve til.
- Søknaden må ha eit kart som viser kvar ein søker om å køyre.
- Godkjenning frå statsforvaltaren for fangst med bås der det søkast snøskuterløyve til.

DISPENSASJON JF. § 6

Dei som ønskjer transport i utmark for andre føremål enn nemnt over med snøskuter, eller transport på barmark som ikkje er heimla direkte i lova, sjå neste side, må søke kommunen om dispensasjon.

Dispensasjon til å bruke motorkøyretøy på snø og barmark

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark (etc.) § 6

Kommunen kan gje dispensasjon til annan bruk av motorkøyretøy på bakkenivå (snøskuter, ATV og andre køyretøy). Søknadar blir handsama politisk, med unntak av kurante søknadar som krev rask avklaring.

Søknaden må innehalde:

- Skildring av føremålet med transporten.
- Kven som skal køyre.
- Kvar (trasé eller område) det er bruk for transport, dersom det er mogleg å gje informasjon om.
- Dato og tidspunkt som det er behov for transport dersom det er mogleg å gje informasjon om.

Vurderinga av søknaden skal leggje vekt på:

- Om transporten kan løysast på anna vis.
- Om det er andre føremål enn turkøyring.
- Verknader på vilt, natur, miljø, friluftsliv, hytter og bustader.
- For gjennomføring av årlege, offentlege idrettsarrangement kan arrangørane etter søknad få dispensasjon for inntil 4 år om gongen.
- Handverkarar som ofte har oppdrag på hytter kan etter søknad få dispensasjon til å transportere seg sjølv, verktøy og materialar inn til hyttene. Det må settast krav om organisasjonsnummer. Transportar rapporterast inn til kommunen i forkant av transporten.
- Transportbehov i utmark skal i hovudsak løysast med snøskuter eller helikopter. Dispensasjonar for ATV-køyning blir vurdert restriktivt.

For årvise søknadar kan det gis dispensasjon for inntil 4 år om gongen.

LØYVE TIL BRUK AV ATV OG ANDRE BARMARKSKØYRETØY

Transportar som ikkje treng søke om løyve

Heimel: Motorferdsellova § 4 og Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 2

Motorkjøretøy kan på bar mark utanfor veg nyttast til:

- Politi- ambulanse-, rednings-, oppsyn- og tilsynsteneste med heimel i lova.
- Offentlege post- og teletenester.
- Person- og godstransport til og frå faste bustader og i samband med jordbruk-, skogbruk- og reindriftsnæring (ikkje bærplukking, jakt og fiske).
- Forsvarets transportar.
- Anlegg og drift av offentlege vegar og større anlegg.
- Rutetransport (i samsvar med yrkestransportlova).
- Transport av jaktutbytte av elg og hjort.
- Transport i samband med fiskekultivering i offentleg regi

Kjøring skal om mogleg følgje eldre kjørespor. All motorferdsel skal gå føre seg aktsomt og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet.

Motorfartøy (båt og luftfartøy)

Transportar som ikkje treng søke om løyve jf. § 4 i motorferdselslova

Båt:

Ferdsl på innsjøar er tillate på vatn og vassdrag som er større enn 2 km². Transport på mindre vatn må ein søke kommunen om.

Vasskuter:

Det er lov å bruke vasskuter på vatn og vassdrag som er større enn 2 km² utan søknad.

Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt, helikopter, vassfly m.m.)

Heimel: Motorferdsellova § 6

Kommunen kan gje dispensasjon til bruk av båt eller luftfartøy. Det kan til dømes vere letting og landing med helikopter, vassfly eller bruk av båt på innsjøar som er mindre enn 2 km². Søknaden blir handsama av administrativt.

Søknaden må innehalde:

- Skildring av føremålet med transporten
- Kven som skal køyre
- Kvar (trasé eller område) det er bruk for transport
- Dato og tidspunkt som det er bruk for transport

Vurderinga av søknaden skal leggje vekt på:

- Verknader på vilt, natur, miljø, friluftsliv, hytter og bustader.

For årwise søknadar kan det gis dispensasjon til å lette og lande for inntil 4 år om gongen.

Definisjonar

Utmarksnæring: Næring knytt til utmark. Med utmarksnæring meiner me ei næring som er lokalisert i utmarka. Næring betyr at aktiviteten må vera knytt til eit føretak som gjev ei inntekt. Det kan mellom anna vera næringsverksemd som utleigehytter.

Motorfartøy: Båt eller anna flytande og svevande fartøy som blir driven av ein motor

Motorføretøy: Bil, traktor, motorsykkel, beltebil, snøskuter, ATV eller liknande.

Utmark: Alt som ikkje er innmark. Ubrøytt veg er rekna som utmark. Desse retningslinene gjeld berre for utmark.

Innmark, eller like til innmark, blir definert som gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite. Det gjeld også for område der allmenn ferdsel vil skape konkrete problem for eigar eller brukar (til dømes industriområde). Udyrka mindre område som ligg i dyrka mark er også innmark. Det same er brøytt vegar der personbilar kan køyre. Desse retningslinene gjeld berre for utmark, ikkje på innmark.

Tur: For dei løyva som har eit avgrensa tal på turar, vil ein *tur* gjelde for transport frå avreisestaden til målpunktet og tilbake til avreisestaden. Til dømes parkeringsplass -hytte - parkeringsplass.

Vedlegg:

Tabellen under syner kven som tek avgjerd i ulike søknadar om motorferdsel.

Søknadar om leigekøyring med snøskuter. Heimel § 5, bokstav a) i forskrift	PMR-utvalet
Søknadar dispensasjon til transport med snøskuter av: funksjonshemma, bagasje og utstyr til hytte, utmarksnæring, vedtømmer, organiserte gruppeturar, tilsyn av jervebåsar Heimel § 5, bokstav b), c), d) e), f) og § 5b i forskrift.	Administrasjonen
Søknadar om dispensasjon til transport med motorkjøretøy til transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring. Heimel § 5a i forskrift	Administrasjonen
Søknadar om dispensasjon til transport ut frå særlege behov. Heimel § 6 i forskrift	Administrasjonen
Søknadar om bruka av motorfartøy (båt o.l.) og luftfartøy: Heimel § 6 i lov	Administrasjonen
Saker av prinsipiell karakter tas opp til politisk handsaming	PMR-utvalet

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova), LOV-1977-06-1082
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82?q=lov%20om%20motorferdsel%20i%20utmark>
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, FOR-1988-05-15-356
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1988-05-15-356>